

ETNE KOMMUNE  
Sjoarvegen 2  
5590 ETNEDato: 28.02.2018  
Vår ref.: 2015/1175-14  
Saksbehandlar: oleskau  
Dykkar ref.:

## Stødleterrassen. Etne kommune. Forslag til freding etter kulturminnelova § 19 til handsaming i Etne kommunestyre.

I medhald av lov om kulturminne (kml) § 19 jf. § 22 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd eit forslag til freding av eit areal på Stødleterrassen i Etne. Fredingsforslaget vart lagt ut til offentlig høyring 2. juni 2015.

### Bakgrunn

Riksantikvaren gav Hordaland fylkeskommune i 2004 i oppdrag å utarbeide eit forslag til områdefreding etter kulturminnelova § 19. Saka fekk formell oppstart i 2005. Prosessen trekte ut i lengd ut i frå fleire omsyn. Til 1. gongs høyring kom det inn 20 høyringsfråsegner. Hordaland fylkeskommune la på bakgrunn av innspela eit endra forslag fram til Etne kommune for 2. gongs høyring. Etne kommunestyre handsama saka den 07.02.2012 og var kritisk til utstrekning og innhald i forslaget. Hordaland fylkeskommune sende saka til Riksantikvaren 8.januar 2013 for endeleg vedtak. Riksantikvaren vurderte at det var endringar i forslaget som var så store at det var naudsynt med ny høyring, og sende saka tilbake til Hordaland fylkeskommune for ny høyringsrunde.

### Ny høyringsrunde

Oppstart for ny høyring var i 2015, og frist for høyringsinnspel var 2.september 2015. Det kom inn 8 merknader, som er kommenterte i den vedlagte merknadsgjennomgangen. Området som er foreslått freda etter kulturminnelova § 19 er vesentleg redusert frå tidligare, til 521 da, med bakgrunn i tidlegare høyringsinnspel til saka. Det er særleg teke omsyn til tidlegare merknad frå Etne kommune, som tek opp i seg og målber fleire synspunkt frå lokalsamfunnet. Det er gjort endringar i føresegnene i forslaget, for å kome tidlegare høyringsinnspel i møte. Det er også funne rett å ikkje legge fram Forvaltingsplan no, men i staden la dei involverte partane på Stødleterrassen utarbeide denne saman, i ei oppfølging til fredinga.

### Innkomne høyringsfråsegn

Det er kome inn 8 høyringsfråsegner:

- Etne kommune (i form av kommunestyrevedtak)
- Statens Vegvesen
- Hordaland fylkeskommune (i form av vedtak i Fylkesutvalet)
- Fykse Næringsutvikling
- Etne sand og pukk AS (ved Asplan VIAK)
- Åsbø sanddrift AS (ved Norconsult)
- Johannes og Anita Sørheim Hundseid, gnr. 36 bnr. 10
- Tove og Andreas Aune, gnr. 36 bnr. 4

**Oversending til Etne kommunestyre for 2.gongs høyring**

Etter sakshandsamingsreglane for fredings saker (kulturminnelova § 22.3) skal eit fredingsforslag leggjast fram for kommunestyret etter at det har vore til offentleg høyring. Merknadene frå den første høyringsrunda skal leggjast ved og kommenterast av fylkeskommunen, saman med opplysningar om evt. endringar som fylkeskommunen vurderer å gjere i fredingsforslaget. Høyringsfråsegnene og kommunestyret si handsaming vil inngå i ei ny vurdering av fredingsforslaget i fylkeskommunen. Saka vert så oversendt Riksantikvaren, som gjer det endelege vedtaket om freding.

Stødleterrassen er eit viktig nasjonalt kulturminnelandskap med mange automatisk freda kulturminne med høg verdi. Fornminna som er att viser framleis stor variasjon og tidsdjupne, og har høg verdi både vitenskapleg, pedagogisk og i framtidig næringsssamheng. Stødleterrassen og kulturlandskapet er sårbart, og står i fare for å bli øydelagt av større og mindre tiltak. Fleire nye inngrep kan føre til ei uoppretteleg fragmentering av dei store samhengane, som framleis er synlege på terrassen. Dette er og konklusjonen i Miljøverndepartementet si handsaming av motsegnssak til masseuttak på Stødleterrassen i 2001.

Den unike samhengenen mellom kulturminne og landskap på Stødleterrassen må takast vare på gjennom eit vern etter § 19 i kulturminnelova. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert lagt til rette for eit større samhengende fredingsareal som femnar om alle kjende kulturminne og areal som har stort potensial for funn i undergrunnen.

Hordaland fylkeskommune fremjar difor forslag om ei områdefreding av eit vel 521 dekar stort areal som vist på vedlagt kart og med vedtekter for vidare bruk av området med omsyn til kulturminne. Vi viser til merknadsgjennomgangen for kommentarar til innkomne merknader, og til om endringar i fredingsforslaget vert vurdert.

I kulturminnelova § 22.3 heiter det: «*Før vedtak om fredning treffes, skal forslaget forelegges kommunestyret. Det kan settes en frist for kommunestyrets uttalelse.*». Av omsyn til den vidare sakshandsaminga ber vi om at fråsegna frå Etne kommunestyre kan ligge føre så snart som råd, og ikkje seinare enn tre månader etter at saka er motteke. Dersom kommunen ikkje vil ta saka opp til ny handsaming, ber vi om melding om dette.

Per Morten Ekerhovd  
Kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
Kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

FLT STATENS VEGVESEN,  
REGION VEST AVD.74  
NORCONSULT AS  
ASPLAN VIAK AS  
FIKSE NÆRINGSUTVIKLING  
SA

Johannes Hundseid  
Anita Sørheim Hundseid  
Andreas Aune  
Tove Aune  
RIKSANTIKVAREN

Vedlegg

- 1 Forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Stødleterrassen. Etne kommune.
- 2 Merknad til forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Asplan Viak. Stødleterrassen. Etne kommune.
- 3 Merknad til forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Etne kommune. Stødleterrassen. Etne kommune.
- 4 Merknad til forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Fikse næringsutvikling. Stødleterrassen. Etne kommune.
- 5 Merknad til forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Hordaland fylkeskommune - Fylkesutvalet. Stødleterrassen. Etne kommune.
- 6 Merknad til forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Johannes og Anita Sørheim Hundseid. Stødleterrassen. Etne kommune.
- 7 Merknad til forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Norconsult. Stødleterrassen. Etne kommune.
- 8 Merknad til forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Statens vegvesen. Stødleterrassen. Etne kommune.
- 9 Merknad til forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Tove og Andreas Aune. Stødleterrassen. Etne kommune.
- 10 Merknadsgjennomgang. Forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Stødleterrassen. Etne kommune.
- 11 Kart. Forslag om freding etter kulturminnelova § 19. Stødleterrassen. Etne kommune.